

Bergen, 17.03.2018

## PROSJEKTSKILDING: VIDDEN-PROSJEKTET

Besøktal og erfaringar syner at Vidden er under aukande press og ein kan i dag sjå konturane av eit mogleg problem. Det er naudsynt å ta tak i denne tendensen og å gjennom heilskapleg planlegging syte for at Vidden slik vi kjenner den består også i framtida.

Vidden-prosjektet er initiert av NCE Tourism, ei delvis offentleg eigd bedrift som utviklar reiselivskonsept og langsiktige strategiar for turisme i fjordregionen. Partnerar i Vidden-prosjektet er reiselivsaktørar som anten held til ved eller brukar Vidden i si næring: Fløibanen AS, Ulriken 643, Bergen Basecamp og Fjellverket AS. Ein baserer seg dessutan på tett dialog med kommunen og andre aktørar med særinteresser på Vidden. Prosjektet vert leia av Espen Folgerø frå OPAFORM arkitekter som koordinerer leveransar frå arkitekt, landskapsarkitekt, økolog, ingeniør, kurator og teknologiutviklar. Ambisjonen er å slutføre prosjektet ultimo 2019.

Bakgrunnen for prosjektet er at ein opplever ei auke i aktivitet på Vidden og at området syner symptom på slitasje. Sommaren 2018 var det i gjennomsnitt 17.000 menneske som passerte teljaren i Borgaskaret i løpet av ein måned. Sjølv om dei fleste av desse er lokale turgåarar ønsker stadig fleire turistar å oppleve den norske friluftslivkulturen, noko reiselivsnæringa også marknadsfører. Dette får følger for både turopplevinga, landskapet og samfunnstryggleiken. Vidden er eit unikt bynært høgfjellsområde som er svært lett tilgjengeleg. Utover landskapskvalitetane er Vidden si største styrke at den rommar eit vidt spenn av ulike brukarar og aktivitetar. Størsteparten av fjellpartiet forsyner dessutan byen med reint drikkevatt. For at denne bruken skal kunne føregå parallelt også i framtida er det behov for heilskapleg planlegging.

Målet med prosjektet er å utarbeide ein strategi for korleis ein best kan forvalte bynære turområde der fleirbruk og naturomsyn er viktige verdiar. Prosjektet inneber ikkje gjennomføring av tiltak men skal snarare kunne vere eit verktøy for dei som forvaltar området. Fokuset ligg på Vidden i Bergen men metoden skal kunne overførast og tilpassast til andre liknande situasjonar.

Føremålet er *ikkje* å trekke fleire folk over Vidden: det er eit sentralt premiss at alle attraksjonar på Vidden allereie er til stades og at eventuelle tillegg skal vere minimale og grundig behovsprøvde. Ein skal respektere den sterke posisjonen Vidden har som kulturlandskap og som byens felles utmarksområde.

Prosjektet er strukturert i ulike fokusområde:

- *Fleirbruk*. Kartlegging av mangfaldet i bruken av Vidden og synleggjering av kva særinteresser desse brukarane har.
- *Drikkevasskjelda*. Det er naudsynt å danne seg eit konkret bilete av dagens utfordringar ved at eit viktig nedslagsfelt også er eit populært turområde.
- *Sti og erosjon*. Korleis kan ein best minimere slitasje på terrenget som følge av ferdsel? Her er våtmarksområde særskild utsett og problematisk for drikkevasskjelda.
- *Service og sanitær*. Av omsyn til både turopplevinga og vasstryggleiken er det naudsynt å utbetre servicefasilitetane i kvar ende av turen. Kanskje bør ein òg betre tilbodet ved dei eksisterande hyttene.
- *Skjøtsel*. I fråver av landbruksaktivitet er det opne landskapet i suksesjon mot skog. Dersom ein ønsker å bevare viddekarakteren trengst det ein skjøtelsstrategi.
- *Kultur*. Kan kunstfeltet bidra i forvaltninga av Vidden?
- *Teknologi*. Bruk og utvikling av ny teknologi kan bidra til både å berike turopplevinga samt å nå ut med viktig informasjon. Dette kan òg inngå som eit ledd i samfunnsberedskapen.

Oppsummert er altså agendaen for prosjektet å sjå heilskapleg på Vidden som område. Det viktigaste parameteret i alle vurderingar skal vere samfunnsnytte. Føremålet er å ruste seg mot interessekonflikter og forringing av svært verdifulle naturressursar.

Nikolina Søgner,  
OPAFORM arkitekter